

## Kommentarar til investeringsprosjekt per 28.02.2017.

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap 2017	Rekneskap totalt	Budsjett totalt	Rest totalt
	<p>Rapporten viser tal for rekneskap hittil i år i første kolonne, rekneskap totalt for prosjektet (uavhengig av år) i andre kolonne, budsjett totalt uavhengig av år i tredje kolonne, mens fjerde kolonne viser resterende budsjettsum uavhengig av år.</p> <p>For nokre av prosjekta er det ikkje gjort utbyggingsvedtak med spesifikk budsjetttramme ennå. Dette gjeld mellom anna prosjekt 262 - Ny ungdomsskule/basseng og prosjekt 270 - Ny kommunal barnehage. For desse er det brukt rammene i den vedtekte økonomiplanen med tillegg av mva-refusjon. Prosjekta er i utgreiingsfasen. Eigen sak om utbygging med budsjett vert fremja når prosjektet er ferdig utgreidd.</p>				
<b>DRIFTSINVESTERINGAR</b>					
<b>253</b>	<b>TILBYGG GRASDAL SKULE</b>	<b>6 153 666</b>	<b>19 166 578</b>	<b>46 500 000</b>	<b>27 333 422</b>
	Utbygging av skulen med ca 1050 m2 samt ombygging av eksisterande areal. Skal vere ferdig i august 2017. Held på med innvendige arbeider. Planlegg innkjøp av møbler.				
<b>254</b>	<b>TILBYGG SAGSTAD SKULE</b>	<b>6 198 409</b>	<b>30 374 526</b>	<b>73 500 000</b>	<b>43 125 474</b>
	Utbygging av skulen med ca 1650 m2 samt ombygging av eksisterande area. Skal vere ferdig ved årsskiftet 2017/2018. Held på med innvendige arbeider. Planlegg innkjøp av møbler.				
<b>261</b>	<b>UTEAREAL SAGSTAD SKULE</b>	<b>10 222</b>	<b>10 222</b>	<b>2 000 000</b>	<b>1 989 778</b>
	Kjøp og opparbeiding av meir uteareal for Sagstad skule. Kommunen er i forhandling med grunneigarar rundt skulen om kjøp av areal.				
<b>262</b>	<b>NY UNGDOMSSKULE/BASENG</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>313 125 000</b>	<b>313 125 000</b>
	Ny ungdomsskule med basseng på Frekhaug. Budsjett slik det vart vedteken i revidert økonomiplan 2017-2020 i kommunestyret sak 115/2016 den 14. des. 2016. Kr 0,5 mill til utgreiing i 2017, kr 100 ,ill i 2018 og kr 150 i 2019, til saman kr 250,5 mill. ekskl. mva. Totalt inkl. mva vert dermed prosjektbudsjettet på kr 313,1 mill. kr. Framlegg til plassering av ny ungdomsskule vert kommentert i orienteringssak i formannskapet 29. mars (Moglegheitsstudien for Langelandsskogen).				
<b>270</b>	<b>NY KOMMUNAL BARNEHAGE</b>	<b>0</b>	<b>362 000</b>	<b>112 812 500</b>	<b>112 450 500</b>
	Ny kommunal barnehage på Frekhaug. Totalbudsjett inkl. mva er slik det vart vedteken i økonomiplanen i sak 115/2016, med tillegg av mva-refusjon, sum kr 112,8 mill. Moglegheitsstudie for å vurdere lokalisering av ny barnehage er under arbeid. Ettersom Langelandsskogen er eit av lokaliseringalternativa vil konklusjonen av moglegheitsstudia for barnehage bli koordinert med moglegheitsstudia for Langelandsskogen som er orienteringssak i formannskapet 29. mars.				

## Kommentarar til investeringsprosjekt per 28.02.2017.

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap 2017	Rekneskap totalt	Budsjett totalt	Rest totalt
<b>DRIFTSINVESTERINGAR - forts.</b>					
<b>350</b>	<b>UTLEIGEBUSTADER</b>	<b>88 422</b>	<b>88 422</b>	<b>16 870 000</b>	<b>16 781 578</b>
	Gjeld kjøp av kommunale utleigebustader for vanskelegstilte. Eigen bustadmelding skal opp i formannskapet 29. mars, og inneheld kommentarar til prosjektet.				
<b>351</b>	<b>OMSORGSBUSTADER</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6 200 000</b>	<b>6 200 000</b>
	Gjeld kjøp/bygging av omsorgsbustader. Eigen bustadmelding skal opp i formannskapet 29. mars, og inneheld kommentarar til prosjektet.				
<b>570</b>	<b>GRAVPLASS MELAND</b>	<b>20 870</b>	<b>371 630</b>	<b>25 000 000</b>	<b>24 628 370</b>
	Utviding av gravplass ved Meland kyrkje. Før bygging må det utarbeidast ein reguleringsplan for området. Det er gjennomført grunnundersøkingar av området som viser at det er høg grunnvasstand. Konsekvensane av dette må utgreiast litt nærare før det kan meldast oppstart av planarbeidet.				
<b>578</b>	<b>KJØP AV SENTRUMSAREAL</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 500 000</b>	<b>3 500 000</b>
	Kjøp av areal for mellom anna kyrkjetomt på Frekhaug. Kommunen er i forhandlingar med grunneigar.				
<b>789</b>	<b>NY DRIFTSSTASJON</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>13 750 000</b>	<b>13 750 000</b>
	Etablering av ny driftsstasjon for kommunen sine driftsmannskaper. Held på med forhandlingar om tomt i Mjåtveit næringspark.				
<b>790</b>	<b>NY PARKERINGSPLASS HURTIGBÅTKAI</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 500 000</b>
	Parkeringsplass ved Varnappen reinseanlegg til bruk for pendlarar og brukarar av Badevika. Venta ferdigstilt i juni 2017. Til no har området vore midlertidig deponi for massar frå Grønlandsfeltet. Vil snart gå i gang med arbeid for å anlegge sjølve parkeringsplassen.				
<b>793</b>	<b>LADEPUNKT ELBILAR - SJUKEHEIMEN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>562 500</b>	<b>562 500</b>
	Etablering av ladepunkt for elbilar i garasjen på Meland sjukeheim. Vil mogleggjere bruk av elbilar for heimetenestene. Helland Elektro har vunnet anbodet og ladepunkta vil bli installert i mars/april 2017.				

## Kommentarar til investeringsprosjekt per 28.02.2017.

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap 2017	Rekneskap totalt	Budsjett totalt	Rest totalt
<b>VA-INVESTERINGAR</b>					
<b>601</b>	<b>NYTT VASSBEHANDLINGSANLEGG HESTDAL</b>	<b>4 446</b>	<b>400 074</b>	<b>63 000 000</b>	<b>62 599 926</b>
	Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal med fullreinsing for å sikre at kommunen kan levere nok vatn av god kvalitet. Rammeavtale for detaljprosjektering av anlegget er ute på anbod.				
<b>606</b>	<b>VASSLEIDNING LANDSVIK - ROSSLAND</b>	<b>42 998</b>	<b>182 214</b>	<b>27 200 000</b>	<b>27 017 786</b>
	Bygging av ny vassleidning frå Landsvik til Rossland for å få ringleidning og trygge vassforsyninga nord i kommunen. Held på med detaljprosjektering og avklaringar med vegvesenet/fylkeskommunen.				
<b>662</b>	<b>AVLAUPSLEIDNING HOLMEKNAPPEN - TVEIT</b>	<b>0</b>	<b>103 222</b>	<b>11 800 000</b>	<b>11 696 778</b>
	Bygging av avlaupsanlegg mellom Holmeknappen og Tveit. Ny vassleidning vil også vere ein del av det samla prosjektet. Held på med prosjektering av anlegget.				
<b>663</b>	<b>SEPARERING GRØNLANDSOMRÅDET</b>	<b>1 287 248</b>	<b>11 823 584</b>	<b>18 366 000</b>	<b>6 542 416</b>
	Separering av kloakk og overvatn i Grønlandsområdet samt utskifting av vassleidning. Venta ferdigstilt i juni 2017. Held på med dei siste 250 meterane i Grønlandsfeltet. Gått i gang med arbeid ved innkøyringa til Løypetona for å skifte overvassrøyr.				